



Hardangerbrua AS
5781 LOFTHUS

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykker ref.:

201206860-49/120/JONRUN

Bergen, 21. juni 2013

Hardangerbrua AS - vedtektsendring

Vedlagt følgjer kopi av fylkestingssak 27/13 – Eigarskapsmelding 2013.

I samband med førehavinga av denne sak i fylkestinget 11.6.2013 gjorde fylkestinget m.a. dette vedtaket:

«1.....

2.....

3. Fylkestinget godkjenner følgjande forslag om vedtektsendring:


Hardangerbrua AS

§3: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua med tilførselsvegar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Bakgrunnen til forslaget om vedtektsendring er at §3 ikke er formulert i samsvar med framtidig aktivitet i selskapet. Det er mellom anna vist til at føremålet med selskapet er bygging av Hardangerbrua. Det er naturleg å ta bort den delen som gjeld pådrivarrolle på grunn av at byggjeprosjektet på det nærmeste er avslutta.

Ein legg ved fullstendig utskrift av vedtaket.

Ein ber om at styret følgjer opp endring av vedtekten for Hardangerbrua AS slik fylkestinget har vedtatt.



Johnny Stiansen
økonomidirektør

Vedlegg: 2
Sak 27/13
Vedtak

Fylkestinget 11.06.13

Sveinung Valle sette på vegner av A fram slikt oversendingsforslag:

«Ber om at administrasjonen legg fram sak med oversikt over styrehonorar/dagleg leiar honorar i bompengeselskap der HFK har eigardel og styrerrepresentasjon. Dette for om mogeleg få til ei samordning og ei meir lik honorering mellom dei ulike selskapa.»

Tom Skauge sette på vegner av SV og KrF fram slik protokollmerknad:

1. «Det må utarbeidast ei ordning som gjer det enkelt for innbyggjarane i Hordaland å kjøpa moderasjonsordningar ved bompasseringar.
2. Det må sjåast på om det er mogeleg å tilby eit moderasjonskonsept for alle bompengestasjonane i Hordaland.»

Tom Skauge sette på vegner av SV og KrF fram slikt forslag:

«Det må etablerast eit regionalt bompengeselskap i Hordaland fylke.»

Tom Skauge trekte forslaget sitt:

«Forslagstillerne trekker forslaget etter opplysning om at saken kommer opp i første fylkesutvalgsmøte.»

Røysting

Valle sitt forslag vart samroystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.
Innstillinga vart samroystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkestinget viser til den framlagde eigarskapsmeldinga og sluttar seg til prinsippet om differensiert eigarstrategi.
2. Fylkestinget viser til vedtak i fylkestingssak 17/2013 Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget er samd i at vedtakspunkta 5, 6 og 8 vert å kome attende til i to eigne saker. Punkta 5 og 6 vert å fremje i ei sams sak og punkt 8 i ei eiga sak.
3. Fylkestinget godkjenner følgjande forslag om vedtektsendring:

Bystasjonen AS

§3: «Selskapet har til formål planlegging og bygging av ny kollektivterminal – Bystasjonen – i Bergen sentrum, samt drift av kollektivterminal og virksomhet som står i forbindelse med dette. Selskapet er av allmennytig karakter og skal ikke dele ut utbytte.»

§7: «På den ordinære generalforsamling skal følgende spørsmål behandles og avgjøres:
- Godkjennelse av årsregnskapet og årsberetningen.
- Andre saker som etter loven eller vedtekten hører inn under generalforsamlingen.»

Kvam bompengeselskap AS

§3: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av aktuelle vegprosjekt i Kvam herad i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Hardangerbrua AS

§3: «Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering

av Hardangerbrua med tilforselsvegar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

AS Austevoll bruselskap

§2:«Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinsansiering/oppkrevjing til finansiering av bru-, tunnel- og vegprosjekt i Austevoll kommune i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Forslaga vert å sende til selskapa for handsaming i styre og generalforsamling.

Protokollmerknad frå SV og KrF

1. Det må utarbeidast ei ordning som gjer det enkelt for innbyggjarane i Hordaland å kjøpa moderasjonsordningar ved bompasseringar.
2. Det må sjåast på om det er mogeleg å tilby eit moderasjonskonsept for alle bompengestasjonane i Hordaland.